

Gje gass med naturgass

Snart kan sunnhordlendingar og andre som kjører bil over Stord forsyna seg med gass til kjøretøyet på Heiane. Ein fyllestasjon for naturgass opnar snart på det store næringsområdet på øya, like ved E39.



FAKTA

NATURGASS

- CNG er forkorting Compressed Natural Gas.
- Liquid Natural Gas (LNG) blir transportert nedkjølt i flytande form.
- Samanlikna med olje er CO₂-utsleppet 24% lågare ved brenning av naturgass. NO_x-utsleppet er 65% lågare. Ingen utslepp av svovel og kraftig reduksjon i utslepp av partiklar.
- SKL Marked har i to år distribuert naturgass via røyrnett på Stord. Snart blir gass tilgjengeleg for bruk i kjøretøy. Gass som drivstoff er om lag 40% billigare enn bensin, og langt reinare.

Å gi gass med naturgass på tanken er både billigare og gir mindre skadeleg utslepp til atmosfæren enn å bruka bensin eller diesel.

Det nye er at det no skal bli langt enklare å bruka naturgass i kjøretøy. Fyllestasjonen på Heiane vil vera open heile døgeret. Den fungerer som ein vanleg automatstasjon. Stasjonen er ubetjent og betalinga skjer via bankkort.

- Dei som kjøper ny bil, kan skaffa seg ein bil som alt er tillpassa gassdrift, fortel Henry Damman, fagansvarleg for naturgass i SKL Marked AS.

Den andre måten å gjera det på er å konvertera ein bensindrivne bil. Det

kostar litt, men dei som køyrer langt sparer inn den investeringa i det lange løp. Gassmotorar kan òg gå på bensin, så det er ingen problem om det av og til er langt mellom gassfyllestasjonane.

Drivstoffutgiftene er om lag 40% lågare enn ved å køyra på bensin

Kroner og miljø

Gass er langt billigare i bruk enn bensin. Drivstoffutgiftene er om lag 40% lågare enn ved å kjøra på bensin. For den som kjører langt, f. eks. 30.000 km i året, er innsparinga godt og vel 14.000 kroner per år ved ein bensinpris på kr 12,50 og eit forbruk på ein liter per mil.

I gassen er det ikkje svovel og langt mindre partiklar i eksosen enn frå ein bensinmotor.

Partikkelreduksjonen er endå større samanlikna med diesel. CO₂-utsleppet er redusert til om lag ein fjerdedel.

Reduksjonen i partiklar er viktig ved lokale utslepp, slik som i bysentra. Partiklane er ein viktig del av smogen som er til plage for folk i mange byar. I nokre byar i Europa er det heilt forbode å kjøra i sentrum med dieseldrivne bilar.

Frå før finst det stasjonar for fylling av gass på kjøretøy fleire stader langs kyststamvegen; i Stavanger, på Jæren og i Haugesund. Når det no kjem stasjon på Stord, er det inga sut med å kjøra gassbil langs kysten. Det er heller ikkje noko problem å kjøra austover over fjellet, sidan motoren òg går på bensin.

To år med gass

Sidan oktober 2008 har SKL Marked distribuert naturgass på Stord. Til no har om lag 20 små og store bedrifter knytt seg til nettet. Fleire av dei store verkstadbedriftene, sjukehuset, eit bakeri og om lag 140 bustadeigarar er kundar. Gassen brukar dei først og fremst til oppvarming, men òg til koking.

SKL byggjer på administrasjonsbygget på Leirvik. Der skal oppvarminga føregå med gassdriven varmpumpe i kombinasjon med jordvarme og stråleomnar som nyttar naturgass. SKL Marked har skrivne under avtale med Leirvik Taxi som alt har investert i sin første gassbil. Stord kommune har mange bilar, og 80% av dei skal bytast ut med gassdrivne kjøretøy. Store delar av bilparken til SKL skal òg

skiftast til gassdrift etter kvart som leasingperiodane går ut.

Strålevarme frå gass eignar seg svært godt til oppvarming av store verkstadhallar. Innsparinga frå konvensjonell varme til strålevarme kan vera inntil 60%. Strålene varmar opp objekt som dei møter på. Det vil seia at dei som arbeider der, kjenner straks varmen, utan at all lufta i hallen treng varmast opp. Oppvarminga går raskt; eit kvarter med varmen på, så er det god varme i stova eller på arbeidsplassen.

25 km røyr

Mesteparten av gassen blir fordelt via røyrnett lagt i bakken. Dei siste to åra er det lagt 25 km røyr i jorda. Nettet går ut frå ein sentral tank på Eldøyane.

Hovudtraseen går gjennom det tettbygde området på øya og strekkjer seg til sjukehuset og Haga i nordaust, til Podlen i Sagvåg og med sidegrein til sentrum.

Gass er komfortabel varme og svært god å koka på. I tillegg er energiprisen ein god del billigare enn elektrisitet.

SKL er ei energibedrift som utviklar seg, går nye vegar i takt med utviklinga, og ser forretningsmogelegheiter innan gass-distribusjon. Investeringane er store, men nettet er billig i drift og varer svært lenge. ■